

## SFJ 2019: DRIFTSTEKNIKARTENESTENE – FRÅSEGN I HØVE UTGREIING NR. 55

---

Delta og Parat ønskjer å slutte seg til hovudkonklusjonane som vert trekte i utgreiingsrapporten «SFJ 2019 – Driftsteknikartenestene» (utgreiing nr. 55).

Vi vil særleg peike på følgjande moment:

Det er fylkesrådmannen si oppgåve å finne fram til ei mest effektiv og føremålstenleg dimensjonering av den samla driftsteknikartenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune, med utgangspunkt i den bygningsmasse, bruk og driftsareal som ein har. Utgreiinga syner på ein god måte det samla behovet i høve ressursar og kapasitet for å ivareta alle bygg.

Det er avgjerande at kvalitet og funksjonalitet i fylkeskommunale bygg ikkje vert forringa eller redusert ved at vi endrar organisering og praksis. Organiseringa i regionvise driftseiningar (driftsteam) syner seg som ein ressurseffektiv og framtidsretta modell som legg til rette for at vi nyttar fagleg spisskompetanse effektivt på tvers av institusjonar i fylket. Vi meiner utgreiinga på ein god måte får avdekka at særleg driftseininga i Sogn per i dag er underbemanna. Dette bør balanserast dersom vi skal oppretthalde forsvarleg kapasitet og unngå å kjøpe for mykje dyre tenester frå eksterne aktørar. Også i dei andre regionane er ein i følgje FEF-modellen underbemanna. Vi registrerer at bygge- og eigedomssjefen likevel ikkje krev ekstra ressursar her, men at ein legg seg på ei moderat og nøktern line i høve ressurskrav (krav om tal driftsteknikkarar). Det bør i alle fall ikkje gjerast vurderingar i retning av innsparingar knytt til driftsteknikartenestene i den bemanningssituasjonen vi har i dag.

Delta og Parat sluttar seg elles til behovet som er omtala i rapporten i høve dei framtidige utfordringane knytt til planlegging og budsjettering av naudsynt vedlikehaldsarbeid. Vi vil understreke at vedlikehaldsbehovet må vurderast nærmare i eit meir langsigkt perspektiv enn dette har vore gjort dei siste 10-15 åra. Dette heng m.a. saman med at bygningsmassen ikkje skal utfordre offentlege krav til inneklima, arbeidsmiljø og funksjonalitet.

Med venleg helsing  
Elin Johanne Schei Stuhaug

Fylkeshovudtillitsvald for Delta og Parat i  
Sogn og Fjordane